



Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Dato: 28.11.2019

Vår ref.: 2015/10897-17

Dykkar ref.:

## **Partsbrev - Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden**

Vedlagt følgjer resultatet av evaluering arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2015 – 2019 som vart gjort i møte 25.11.2019.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Arkivnr: 2015/10897-14  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	90/19	25.11.2019

### Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden

#### Bakgrunn for saka:

I 2016 ga Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) ut 2. utgåve av kontrollutvalsboka.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboken/id2468270/>

Boka er utarbeidd for å styrke arbeidet med eigenkontrollen i kommunane. Vi er kjent med at KMD har planar om å utarbeide ei 3. utgåve av boka som tek omsyn til endringane som kjem i ny kommunelov med forskrifter, som skal tre i kraft hausten 2019

#### Drøfting:

Kapittel 11 i boka omhandler "Oppfølging og evaluering" av kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen sitt arbeid. I dette kapittelet står bl.a. dette:

*«Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eige arbeid jamleg. Målsetjinga er å sørge for kontinuerleg læring og forbetring ved å fokusere på korleis kontrollutvalet fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Kontrollutvalet si samhandling med sekretariatet og revisjonen bør vere ein del av evalueringa. Evalueringa kan gjerne gjennomførast som ein dialog med revisor og sekretær, dersom dette ikkje er til hinder for at kontrollutvalet kan snakke ope og ærleg om sine erfaringar. Sentrale spørsmål vil vere om kontrollutvalet sine forventingar blir innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde og korleis samhandlinga kan bli endå betre.*

*Det kan skrivast referat frå evalueringa. Dersom ein identifiserer forbettingsområde, bør ein foreslå konkrete tiltak. Det er også viktig at kontrollutvalet sine samhandlingspartnerar får høve til å evaluere arbeidet til kontrollutvalet og kome med innspel til forbettingsområde. Både kommunestyret og administrasjonen kan ha verdifulle erfaringar som kan vere med på å gjøre kontrollutvalet sitt arbeid endå betre. Å invitere desse aktørane med på ei evaluering kan også medverke til å synleggjere og forankre kontrollutvalet sitt arbeid.*

*Når kontrollutvalsperioden går mot slutten, er det viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval. Det er ein føremon at ikkje alle medlemmene blir skifta ut, slik at ein sikrar ein viss kontinuitet i arbeidet til utvalet. Sekretariatet og revisionen vil også vere med på å halde oppe stabilitet. Det er uansett avgjerande å etablere ein god praksis for erfaringsoverføring.»*

No er snart valperioden 2015 – 2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meinings, være bra at det blir gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden i tråd med det som går fram over. Dette kan gjerast f.eks. ved at kontrollutval, sekretariat og revisjon saman drøfter aktuelle spørsmål som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval. Sekretariatet har utarbeidd eit skjema med forslag til spørsmål som kan brukast i ei slik evaluering. Skjemaet ligg ved. Fylkesordførar og fylkesrådmann er også invitert til å delta i evalueringa.

#### Konklusjon:

Sekretariatet rår til at det blir gjennomført ei evaluering i dette møtet. Evalueringa bør resultere i eit forslag til ev. endringar/betringar i rutinane som kan gjere arbeidet med eigenkontrollen i fylkeskommunen betre. Resultatet av evalueringa bør leggast fram for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for valperioden 2019 - 2023.

#### **Forslag til vedtak**

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2015 – 2019 blir å legge fram for kontrollutvalet Vestland fylkeskommune i valperioden 2019 – 2023.

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.11.2019**

#### **Handsaming i møtet**

Kontrollutvalet, fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune, prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, revisor og sekretariatet føretok evaluering av arbeidet i KU i valperioden 2015 – 2019. Evalueringa inneholdt desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Tilfreds med måten møta har vore gjennomført på. Funne ein fin form på avvikling av møta. God møteleiing. Ønskjeleg med meir tid med politisk leiing og administrativ leiing undervegs i prosessar utan at det går ut over utvalet sitt sjølvstende. Evaluere arbeidet i løpet av perioden.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Ok med lange dagsmøter.
3	Klarer KU å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Utvaket er godt nøgd med sitt arbeid, har truffet godt på mange saker. Fylkesrådmannen er også godt nøgd med at det vert gjennomført ROS analyser i starten av perioden for å sikre at det vert nytte i det som vert gjennomført.

4	I kva grad har KU hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Dei økonomiske rammene har vore tilstrekkelege slik at ein har kunne gjennomføre dei kontrollane som har vore naudsynt.
5	Korleis blir KU oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som fylkestinget og administrasjonen?	Administrasjonen opplever at samarbeidet med kontrollutvalet fungerer godt og at revisjonane som er gjennomført har vore til nytte for dei. Adm. meiner også at det er ryddig og saklig tone i kontrollutvalet samstundes som det vert stilt kritiske spørsmål. KU føler at fylkestinget har hatt god respekt for det arbeidet som ein har gjort.
6	Har fylkestinget og administrasjonen forståing av KU si rolle? Korleis kan KU bidra til ei god forståing?	Jf. punkt 5
7	Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KU, fylkesting og administrasjonen?	Jf. punkt 5.
8	I kva grad er KU synleg nok på fylkeskommunen si heimeside? I kva grad er KU synleg i media? Kva kan gjerast betre?	Burde vore synlegare på heimesida. Sakene som KU arbeider med bør komme betre fram på heimesida. Invitere kommunikasjonsavdelinga til det nye utvalet for å diskutere korleis KU kan verta meir synleg på heimesida.
9	Bør KU gjere meir og/eller mindre av noko?	ROS- analysen er viktig for å sikre at dei rette kontrollane vert gjennomført.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Deloitte meiner KU er eit velfungerande utval. KU meiner Deloitte har gjort eit framifrå arbeid for utvalet. Mange og gode diskusjonar med revisor om ulike tema. Dei har også vore lydhøyre for å gjera endringar i prosjekta. Deloitte kan likevel tenke meir på om det skulle dukke opp nye raude flagg undervegs i revisjonen med tanke på å gjera ev. endringar i bestillinga. Kan leiaren få fullmakt til å godkjenne ev. endringar?
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	Det er ein vanskeleg prosess.
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Sekretariatet har gjort oss gode. Eit av dei beste sekretariata i Noreg.
13	Kontrollutvalet og henvendingar: - Innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde - Presse og media	Har prøvd å ta tak i slike saker på ein så god måte som mogleg. Burde fått fleire henvendingar frå innbyggjarar. Ønskjeleg å få tilsendt medieoppslag som gjeld saker KU handsamer.
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KU innehalde og kor omfattande bør det vera? - Tilstrekkelege ressursar til opplæring	Det nye utvalet bør få det same som i denne perioden. Nyttig å møte dei fylkeskommunale KU på Vestlandet.
15	Folkevaldopplæringa for fylkestinget:	Ja og gjennomført.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bør KU få delta her?</li> <li>- Bør roller og ansvar for KU presenterast her?</li> </ul>	
16	Anna	Erfaringsoverføring til nytt utval. Leiar i KU bør vera til stades i det første møtet i 2020.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2015 – 2019 blir å legge fram for kontrollutvalet Vestland fylkeskommune i valperioden 2019 – 2023.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

1 Evalueringskjema for arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019